

Stian Haukeland
 Vetåsvegen 77
 5938 SÆBØVÅGEN
 Mobil 911 73352
 E-post: stian@plastinvent.no

Haukeland 20.06.2017

Radøy Kommune
 Avdeling teknisk forvaltning

Søknad om dispensasjon.

Viser med dette til Plan- og bygningslova § 19-1 «Søknad om dispensasjon» og søker hermed om dispensasjon fra Plan- og bygningslova § 1-8 «Forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag.»

Søker samstundes om dispensasjon fra «Kommuneplan for Radøy 2011-2023», arealformål LNF.

Søknaden gjeld tiltak i Haukelandsvika, gnr. 84 bnr. 8 og 16.

Tiltaka i Haukelandsvika var ein del prosjektet «Ny næring i gamle bygg i strandsona». Me starta opp prosjektet vårt i 2013 og har fått sett i stand naustet og sjøbua slik me søkte om. Prosjektet vårt er nesten fullført, men me ser no i etterkant at det er naudsint med nokre mindre tiltak for å tilpassa utearealet for å oppnå betre tilkomst for rørslehemma personar og for å sikra høgder som er over 0,5 meter.

Samstundes ser me trong for å ha ei bod for å kunne lagre utedøblar, grill, verktøy og reiskapar.

Me søker om dispensasjon for følgjande tiltak:

- Bod omlag 12 m²- plassert bak naustet.
- Levegg med makshøgd 1.80 m. avtrappa ned til 1 m. på austsida av kai framfor naustet, lengde om lag 5.5 meter.
- Kjetting-gjerde langs gangveg på vestsida av naustet. Eit ope gjerde med søyler og kjetting mellom, om lag 10 m. lengde.
- Treplatting og rampe, frå kai og opp til 2 høgda i sjøbua. (Tiltak for å oppnå tilgjenge til denne etasjen for rørslehemma personar.)

Grunngjeving:

Formålet med søknaden er hovudsakleg omsyn knytt til tryggleik og tilkomst for rørslehemma personar, samt trygg lagringsplass for diverse naudsint utstyr knytt til drifta av eigedomen.

Prosjektet «Ny næring i gamle bygg i strandsona» er eit samarbeidsprosjekt mellom Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommunen, Radøy kommune, Austevoll kommune, Sund kommune og Bømlo kommune. Føremålet med prosjektet er å sikre gamle naust som ressurs og utgangspunkt for ny næringsverksemd, og samstundes ta i vare kulturminneverdi og arkitektonisk kulturarv.

Nausteigarane som tek del i prosjektet har måtte dokumentere nausta sin historie som næringsbygg, og leggje frem plan både for vidare næringsdrift og ivaretaking av kulturell og arkitektonisk verdi.

Nausta på gnr. 84 bnr. 7 og 16 har vore pilotprosjekt i Radøy kommune.

Eigedomen er langt på veg ferdig utvikla til småskala fritids- og turistverksemd.

Landbruksinteressene for denne del av eigedomen er isolert sett bortfalt.

Eigedomen er allereie etablert med andre tiltak, og dei nye tiltaka vil ikkje endre tilhøva for landbruket i særleg grad.

Tiltaka kjem ikkje i konflikt med friluftsliv og allmenn ferdsle i området. Området er vanskeleg tilgjengeleg og ein viss privatisering av området har allereie skjedd gjennom tidlegare vedtak knytt til prosjektet.

Landskapsestetikken og eksponering i frå sjø vert ikkje verta endra ved desse omsøkte tiltaka.

Den omsøkte boda vert utført i same material- og fargeval som naustet. Boda vert terrengtilpassa og plassert bak naustet slik at den ikkje vert særleg synleg frå sjøsida. Tiltaka kjem såleis ikkje i konflikt med landskapsomsyn og vil ikkje endra kulturlandskapet.

Tiltaket vil ikkje vere til hinder for naboar eller nære omgjevnadar. Kulturminneverd av både av landskap og bygningar vert ikkje endra.

Når deg gjeld treplatting og rampe er det mogleg å gje den ein utforming som både harmonerer med bygget og som gjev liten landskapsverknad og lite eksponering i frå sjø. Omsynet bak LNF føremålet og byggeforbodet i strandsone vert då ikkje sett til side.

Fordelane ved tiltaket vil vere å få tilgjenge for rørslehemma personar til andre etasje i sjøbua, samt sikring av høgder over 0,5 meter på uteareal og trygg oppbevaring av nødvendig utstyr for drift og vedlikehald av bygningane.

Ved å kunne få utført desse mindre tiltaka på eigedomen vil ein auke bruksverdi og ikkje minst tryggleik og etter mi vurdering vil fordelane vere større enn ulempene i denne saka og eg vonar de kan gje dispensasjon til tiltaka eg søker om.

Med venleg helsing



Stian Haukeland